



Høyringsvar om vikarbyrådirektivet frå partiet Rødt

Rødt meiner at konsekvensane av å implementere vikarbyrådirektivet i norsk lov vil vere negative for arbeidslivet i Noreg. Rødt krev difor at Noreg nyttar reservasjonsretten, og legg ned veto mot dette direktivet. EU sitt vikarbyrådirektiv må ikkje innførast i Noreg.

Arbeidsmiljølova er truga

Artikkel 4 i direktivet vil føre til at det ikkje er tillate med grenser i lov- og avtaleverk når det gjeld bruk av vikarar og innleidd arbeidskraft. Vikarbyrådirektivet går heilt openbart imot intensjonen bak § 14-9 og 14-12 i Arbeidsmiljølova. Direktivet vil føre til økt bruk av innleie av arbeidskraft, noko som vil føre til eit større omfang av ulovleg bruk av mellombels tilsetning. Fagrørsla vil ha store vanskar å hanskast med dette problemet, da direktivet ikkje gjer vikarar ein kollektiv rett til å gå til søksmål.

Artikkel 4 i vikarbyrådirektivet opnar for fri flyt av arbeidskraft utan fast tilsetning, i strid med § 14-9 og 14-12 i Arbeidsmiljølova. Det er heilt openbart at NHO og andre høgrekrefter vil nytte direktivet for å oppheve at hovudregelen i arbeidslivet skal vere fast tilsetning (§ 14 punkt 9 og 12), til dømes gjennom EF-domstolen.

Arbeidslivet vert meir kaotisk

Vikarbyrådirektivet vil føre til eit meir kaotisk og meir utrygt arbeidsliv. Grupper som allereie no har problem med å få ein jobb med fast tilsetning og heil stilling, vil få ein enda meir vanskeleg kvardag.

Rødt vil påpeke at departementet ikkje tek føre seg den mest sentrale delen av vikarbyrådirektivet, nemleg at direktivet skal «utvikle fleksible former for arbeid.» Dette er nytale for at arbeidssituasjonen for folk flest skal verte enda meir utrygg enn den allereie er.

Vikarbyrådirektivet kjem etter at det har vore ein enorm vekst av bruken av innleie av arbeidskraft i arbeidslivet i Noreg. Denne veksten har skjedd i både privat og offentleg sektor. Fagrørsla har uttrykkeleg og utvetydig slått fast at dei vil snu denne utviklinga. Vikarbyrådirektivet har som hovudmål at vikarbyråa skal ha ein enda større del av tilsettingane i kvart einskild land. Rødt stør fagrørsla i denne konflikten.

I LO sitt handlingsprogram for perioden 2009-2013, vedtatt på LO sin 32. ordinære kongress, står det mellom anna: «Fast tilknytting til arbeidsmarkedet er nøkkelen til å få del i velstandsutviklingen.» og «LO vil ha strengere regler for inn- og utleie av arbeidskraft og arbeide for at inn- og utleie skal reguleres på en slik måte at det ikke undergraver prinsippet om faste ansettelser eller medføre forringelse av lønns- og arbeidsvilkår. Innleie forutsetter avtale med tillitsvalgt og innleide, og man må bare kunne leie inn arbeidstakere for å erstatte navngitte personer i permisjon eller sykefravær, samt i helt ekstraordinære situasjoner i samme utstrekning som lovligheten av midlertidige ansettelser. Bemanningsforetakene må underlegges strengere kontroll, og de ansatte må ha alminnelige avtalerettigheter og ordnede lønns- og arbeidsforhold. Den vedtatte godkjenningsordningen for vikarbyråer må fylles med et innhold som gjør at bare de som er seriøse får godkjenning.» Innholdet til vikarbyrådirektivet går i ein heilt anna retning enn LO sitt handlingsprogram.

§ 14-12 i Arbeidsmiljølova knytt bruken av vikarbyrå opp imot bruken av mellombels tilsettingar som vert slått fast i § 14-9. Veksten av bruken i vikarbyrå hadde så klart vore enda større om det ikkje hadde vore for disse grensene som lova sett. Det er derfor ikkje tvil om at Arbeidsmiljølova og vikarbyrådirektivet er på kollisjonskurs. Dette er i seg sjølv fullgodt argument for å ikkje implementere vikarbyrådirektivet i norsk lov.

Blant kriteria for bruk av mellombels tilsetting i § 14-9 i Arbeidsmiljølova er kravet om at «arbeidets karakter tilsier det og arbeidet atskiller seg fra det som ordinært utføres i virksomheten» eller at det skal vere «for arbeid i stedet for en annen eller andre (vikariat)». På tross av denne lovteksten er det eit stort omfang av ulovleg bruk av mellombels tilsetting i Noreg. Arbeidsmiljølova utgjer likevel eit viktig verktøy for fagrørsla, som i fleire tilfelle har klart å kjempe igjennom fast tilsetting for folk som har gått på mellombels tilsetting ulovleg. Vikarbyrådirektivet er eit forsøk på at det å vere tilsett i eit vikarbyrå ikkje lenger skal reknast som mellombels tilsetting. Det er viktig at ein slik lovendring ikkje vert noko av.

Fleire tariffavtalar er truga

Vikarbyrådirektivet kolliderer med ein rekke landsomfattande tariffavtalar. Det finst fleire tariffavtalar som eintydig forbyr bruk av vikarbyrå, eller som legg klare grensar for bruken av vikarbyrå. Desse tariffavtalane er heilt openbart truga av vikarbyrådirektivet. Dette gjeld til dømes:

* Avtalen mellom Byggenæringens Landsforbund og Fellesforbundet som slår fast at det skal forhandlast om innleie.

* Avtalen mellom EL & IT Forbundet og Energibedriftenes Landsforening som krev forhandlingar før bruk av innleie.

* EL & IT Forbundet sin avtale med NHO, Norsk teknologi, om elektrofaga, som ikkje opnar for innleie frå vikarbyrå i det heile tatt (berre frå bedrifter som er godkjende opplæringsbedrifter og har minimum 50 prosent eigenproduksjon). I tillegg er det ein føresetnad at det forhandlast dersom omfanget av innleie er meir enn 10 prosent av dei tilsette i fagområdet. Avtalen set også vilkår til kvaliteten på bedrifta det vert leid inn frå.

* EL & IT Forbundet si avtale med NHO, heisoverenskomsten, som slår fast at «*Innleie skal foregå fra bedrifter som ikke har som formål å drive utleie*».

* Norsk Transportarbeiderforbund si avtale – Speditøroverenskomsten, som NHO sentralt nå ikkje vil skrive under på fordi det er slått fast at tariffavtalen også skal gjelde for innleia arbeidskraft. Avtalen vil nok kunne verte oppfatta som ein restriksjon på bruken av vikarbyrå slik vikarbyrådirektivet definerer dette.

* Fleire av NNN sine tariffavtalar, til dømes NHO Mat og Bio og Landbrukets Arbeidsgiverforening. Avtalane slå både fast forhandlingsrett ved mellombels tilsetjing og at ein først skal freista å få på plass direkte tilsetjingar før det vert opna opp for bruk av vikarbyrå.

Alle desse tariffavtalane er naudsame for å styrke arbeidet for eit meir seriøst arbeidsliv. Vikarbyrådirektivet truger desse tariffavtalane.

Vikarbyrådirektivet garanterer ikkje likebehandling

Vikarbyrådirektivet syt ikkje for likebehandling når det gjeld sjukelønn. Vikarbyråa vil på enkelt vis kunne snike seg rundt reglane om sjukelønn ved å opprette ein filial i det EØS-landet som har den dårlegaste lovgivinga i høve til stillingsvernet, for så å leige ut vikarar til norske bedrifter.

Raudt meiner at det må verte stilt krav til likebehandling av dei tilsette i vikarbyråa og resten av dei tilsette i arbeidslivet. Ei slik likebehandling kan Stortinget innføre med ein einaste gong, heilt uavhengig av kva som står i ulike EU-direktiv.

Det er ikkje sant at vikarbyrådirektivet eintydig slår fast at det skal vere likebehandling mellom vikarar og andre tilsette i arbeidslivet. Direktivet seier ikkje nokon ting om likebehandling av pensjonsvilkår, og opnar difor opp for diskriminering av vikarane som er tilsett i vikarbyråa.

Om så direktivet hadde garantert likebehandling på alle område i tillegg til lønn mellom oppdraga ville direktivet fortsatt ha ein negativ effekt i Noreg. Direktivet vil nemleg uansett vere ein drivkraft for utleigeverksemda. Det er fortsatt grunnleggjande negativt at vikarbyråa kjem imellom oppdragsgjevar og den som gjer arbeidet, som eit fordyrande mellomledd. Ein slik arbeidssituasjon vil alltid føre til manglande rettar, oppsplitting av arbeidskollektivet, ein svekka fagforeining, mindre demokrati på arbeidsplassen og ein arbeidssituasjon som er særers utrygg og ustabil.

Bryt med vedtatt politikk

Vikarbyrådirektivet er, slik Raudt ser det, i direkte konflikt med deler av regjeringsplattforma for 2009 til 2013, 'Soria Moria 2'. Her står det nemleg dette: «*Et arbeidsliv for alle forutsetter et godt arbeidsmiljø uten sosial dumping.*», «*Regjeringen vil sikre og styrke arbeidstakernes rettigheter og føre en ambisiøs politikk for et godt arbeidsmiljø både i privat og offentlig sektor.*», «*Regjeringen vil: - arbeide for (...) mer medbestemmelse i arbeidslivet*» og «*Regjeringen vil arbeide videre for å sikre at*

fast ansettelse er hovedregelen og begrense midlertidige ansettelser.» Vikarbyrådirektivet er på kollisjonskurs med alle desse måla i regjeringsplattforma.

Raudt meiner at Noreg bør innføre eit totalforbod mot privat arbeidsformidling, det vil seie forby vikarbyråa helt, og oppfordrar regjeringa til å i det minste forhindre ein ytterlegare liberalisering når det gjeld krava knytta til bruken av vikarbyrå.

Oppsummering

Raudt er imot at vikarbyrådirektivet vert innført i Noreg. Direktivet vil føre til eit meir kaotisk og mindre trygt arbeidsliv. Det vil svekke mogelegheitene fagrørsla har til å kjempe imot sosial dumping og det vil styrke konkurransefordelane til dei mest useriøse selskapa. Vikarbyrådirektivet er eit direkte trugsmål mot sentrale paragrafer i Arbeidsmiljølova og viktige delar av ein rekke landsomfattande tariffavtalar i Noreg. Her er det EFTA-domstolen og EU-systemet som vil stå for tolkingane dersom det vert usemje om innhaldet. Korkje Storting eller regjering kan gje nokre garantiar i denne saka.

Raudt krev at regjeringa nyttar reservasjonsretten mot direktivet, slik at direktivet ikkje vert ein del av norsk lov.

Med helsing

Turid Thomassen

leiar i Raudt.